



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 28.09.2015

Vår ref.: 2015/6531

Arkivnr.: 421.4

Stavanger Universitetssjukehus Helse Stavanger HF
Pb 8100
4068 Stavanger

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fråsegn til konseptrapport for planlegging av nytt universitetssjukehus

Fylkesmannen rår til at nytt universitetssjukehus blir lokalisert til Våland. Dette alternativet følger opp Regionalplan Jæren og dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, samt nasjonale mål for til lokalisering av statlege verksemder. Våland er det alternativet som sikrar best tilgjenge for brukargrupper som er minst mobile, og der terskelen for å oppsøke spesialisthelsetenesta er størst.

Ullandhaug og Stokka er i vesentleg konflikt med dei statlege planretningslinene.

Fylkesmannen viser til utsendt konseptrapport for Prosjekt sjukehusutbygging datert 30.06.2015.

Bakgrunn

Konseptrapporten summerer opp arbeidet i idefasen og omtalar dei utgreiingar som har vore gjennomførte i konseptfasen, inkludert skisseprosjekt. Det er gjennomført utgreiing av tre konsept for trinnvis utbygging til nytt sjukehus på tomtene Våland, Ullandhaug og Stokka.

Konseptrapporten dannar grunnlag for val av tomt og hovudliner i prosjektet.

I Side 76 i konseptrapporten blir det vist til seks hovudkriterier for val av alternativ. Kriteria er i samsvar med tilrådingar gitt i rettleiar for «Tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter» IS-1369. Dei seks hovudkriteria er:

1. Økonomisk bereevne/finansielt handlingsrom
2. Kapasitet/kvalitet på helsetenestene
3. Samfunnsforhold (i høve til plan, miljø, teknisk infrastruktur, næringsutvikling)
4. FOU og rekruttering (forskning, utdanning, opplæring)
5. Bygget sin kvalitet/fleksibilitet/driftseffektivitet
6. Gjennomføring/tidsaspekt

Nytt SUS er den største etableringa av ei besøksintensiv verksemd som nokon gong er gjennomført i regionen. Storleik og aktivitet er av eit omfang som gjer at val av lokalisering vil få stor innverknad på den regionale byutviklinga på Jæren.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Den 26.09.2014 blei nye «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» vedtatt ved kgl. res. Planretningslinjene har forenkla sagt som føremål å fremje utvikling av berekraftige og klimavennlege byar og tettstader gjennom eit kompakt utbyggingsmønster og ved å redusere transportbehovet. I punkt 4.5 i planretningslinjene er det særskilt vist til at besøks- og arbeidsintensive arbeidsplassar skal lokaliserast til regionalt prioritert senterstruktur og kollektivknutepunkt. For Jæren sin del betyr det ei lokalisering som understøttar mål og prinsipp i gjeldande Regionalplan Jæren.

For Fylkesmannen vil dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vere det viktigaste kriteriet for val av lokalitet for nytt universitetssjukehus. Det lokaliseringalternativet som gir ei best måloppfyljing i forhold til dei statlege planretningslinjene, bør vere det alternativet som blir valt. For dei andre kriteria som det blir vist til i rettleiar for «Tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter», vil forskjellane mellom dei ulike lokaliseringalternativa vere relativt små. Det å sikre eit utbyggingsmønster og ei byutvikling i samsvar dei statlege planretningslinjene, er berebjelken i dei nemnte nasjonale forventningane.

Våland er det einaste alternativet som oppfyller dei statlege planretningslinjene, som understøttar ei berekraftig byutvikling på Jæren og som samsvarer med dei nasjonale forventningane til regional- og kommunal planlegging.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

12.06.2015 blei nye «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» ved kgl.res. Her er det særleg framheva at det i planlegginga blir lagt vekt på «langsiktig omstilling til et lavutslippssamfunn», og at vi i langt større grad må samordne utbyggingsmønster og transportsystem. Folkehelseaspektet er også tydeleg i dokumentet, der det er særleg er trekt fram det å legge til rette for fysisk aktivitet.

Regionalplan Jæren

Regionalplanen for Jæren bygger på dei opphavlege rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging. Regionalplanen legg opp til ein senterstruktur og eit transportsystem som bidrar til å redusere transportarbeid og til eit meir kompakt utbyggingsmønster. Alternativa Ullandhaug og Stokka er ikkje knytt opp til senterstrukturen i Regionalplan Jæren. Det vil seie at desse alternativa vil vere i strid med hovudgrepet i regionalplanen, ei kompakt byutvikling og ei reduksjon i transportbehovet. Våland ligg inn mot Stavanger sentrum og inntil Hillevåg bydel, i eit område som vil ha kortast avstand til der mest folk bur også i framtida. Det vil seie at Våland-alternativet er ein integrert del av senterstrukturen i regionalplanen og såleis understøttar hovudgrepet i regionalplanen.

Våland ligg sentralt i Stavanger, godt innanfor sykkelavstand til sentrum. Våland ligg nærare opp til hovudkollektivakse enn det dei andre alternativa gjer, og vil også i framtida bli enklare å kople til eit kollektivsystem med høg brukarfrekvens. Vi vil her særleg framheve nærleiken til jernbanen.

Våland er det alternativet som er minst bilavhengig, og såleis det alternativet som genererer minst transportarbeid. Ullandhaug ligg ikkje inntil hovudkollektivakse. Pr. i dag ligg det heller ikkje føre planar for å gjere Ullandhaug til ein del av ein slik akse.

Stokka har ei lokalisering som er i strid med kommuneplanen for Sandnes og Regionalplan Jæren. Arealet ligg som LNF-område i kommuneplanen, prioritert for landbruksføremål og på feil side av langsiktig grense. Dette alternativet vil etter vår vurdering gi klart auka transportarbeid. Fylkesmannen ser ikkje på dette alternativet som aktuelt for ei sjukehuslokalisering.

Etter vår vurdering er det berre gjennom alternativet Våland vi kan oppnå 0-vekstmålet når det gjeld biltrafikk. Med grunnlag i Regionalplan Jæren peikar Våland seg ut som det klart beste alternativet.

Vi vil framheve dei store utfordringane vi har i denne regionen når det gjeld kampen om areala, noko som i for stor grad har ført til omdisponering av grøntområde og god matjord til utbyggingsføremål. Det er difor viktig med god utnytting av godkjente areal for utbygging i regionalplan og kommuneplan. Det å vise store areal i alternativa på Stokka og Ullandhaug til parkering på bakkeplan, er etter Fylkesmannen si vurdering i strid med nasjonale og regionale føringar om effektiv arealutnytting i pressområde.

Når det skal utarbeidast reguleringsplan for det valde alternativet, vil Fylkesmannen legge dei statlege planretningslinene og regionalplanen til grunn ved vurdering av reguleringsplanane. For alternativa Ullandhaug og Stokka vil det ikkje la seg gjere å utarbeide reguleringsplan innanfor ramma av nasjonal arealpolitikk.

Statleg lokalisering

Fylkesmannen viser til prosjektrapporten «Statlig lokalisering og god by- og stedsutvikling» utarbeidd av Miljøverndepartementet og Statsbygg frå 2009. Her er det presentert gode døme på lokaliseringar av statlege verksemder. I rapporten er det vist til åtte nasjonale mål for lokalisering avleia av stortingsmeldingar og retningsliner. Våland-alternativet vil gi vesentleg betre måloppfylling på fem av desse nasjonale måla:

1. Redusere utslepp av klimagassar
2. Bidra til godt miljø lokalt
3. Bruke areala effektivt
4. Bidra til levande sentrum
5. Syte for tilgjenge og bruk for alle

Denne rapporten påpeikar at dei statlege verksemdene sjølve ikkje fokuserer på dei nasjonale måla ved lokalisering. Prosessen til no i forhold til lokalisering av universitetssjukehus er kanskje illustrerande i så måte, i og med at dei nasjonale måla til no i avgrensa grad har vore styrande for prosessen.

Tilknytning til universitetet

Eit av momenta som har vore mykje framme i saka, er at det vil vere ein klar fordel om nytt sjukehus blir lagt til universitetet og andre forskingsmiljø på Ullandhaug. Vi har forståing for at dette er viktig, tilsvarande har også vore sentralt lokaliseringstema i andre sjukehusprosjekt. Samstundes er det vår vurdering at det bør vere mogleg å ha eit godt samarbeid mellom universitetet og eit framtidig sjukehus på Våland.

Paradis

Paradisområdet har vore lansert som ei alternativ sjukehusomt frå fleire fagmiljø. Vi har også kome med synspunkt knytt til ei slik alternativ plassering. Prosjektleiinga har opplyst at dette ikkje er mogleg grunna storleik og form på areala i Paradis. Vi har ikkje grunnlag for å imøtegå dette, men vi stiller likevel spørsmål om det kunne vore aktuelt å få dette til. Fylkesmannen vil uansett framheve Paradis som eit optimalt område for etablering av verksemder i tilknytning til eit sjukehus på Våland.

Brukargruppene

Det er viktig at eit nytt sjukehus blir lokalisert slik at det sikrar tilgjenge for personar med fysiske, psykiske og sosiale funksjonshemningar. Fylkesmannen vil særleg peike på at barn og unge, rusavhengige og kronisk psykisk sjuke opplever terskelen for å oppsøke spesialisthelsetenesta som høgare enn andre. Det same vil gjelde menneske med framandkulturell bakgrunn som enno ikkje er godt integrert i lokalsamfunnet. Desse gruppene nyttar i dag helsetenester i mindre grad enn andre, samstundes som behovet for somatisk og psykisk helsehjelp hos desse er store.

Ved å plassere eit nytt sjukehus i ein eksisterande bystruktur, legg ein betre til rette for å nå desse gruppene med naudsynte tenester. Eit sjukehus integrert i bystrukturen og med godt kollektivtilgjenge, vil ha betre føresetnader for å nå personar som slit med ein høg terskel for å søkje hjelp. Utviklinga vil venteleg gå i retning av meir poliklinisk, dagbasert og ambulant verksemd i spesialisthelsetenesta. Dette vil forsterke behovet for at sjukehuset er godt integrert i ein sentrumsstruktur.

Sjukehuset bør lokaliserast slik at det legg til rette for samhandlande funksjonar i samarbeid med brukarkommunane, gjerne i interkommunal organisering. Døme på dette er interkommunal legevakt, forsterka omsorgsbustader for personar med kronisk psykisk sjukdom og russjukdom, kommunalt akutt døgntilbod, samhandlingstiltak mellom barnevern og barne- og ungdomspsykiatri, rehabiliteringstilbod samt intermediære sjukeheimsfunksjonar. Innan alle desse felte vil venteleg utviklinga framover krevje auka grad av ambulante spesialisthelsetenester og samhandling mellom nivåa. Av omsyn til brukarane og brukarkommunane bør ein vektlegge ei lokalisering som legg til rette for denne typen samhandlingsmodellar.

Konklusjon

Fylkesmannen vil rå til at nytt universitetssjukehus blir lokalisert til Våland. Våland er det einaste alternativet av dei som er utgreidde så langt, som følgjer opp dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og som understøttar hovudgrepet i Regionalplan Jæren. Våland er også det alternativet som har høgast måloppnåing i høve nasjonale mål når det gjeld lokalisering av statlege verksemder (jf. Miljøverndepartement og Statsbyggs rapport: «Statlig lokalisering og god by- og stedsutvikling» 2009). Våland er også det alternativet som sikrar best tilgjenge for brukargrupper som er minst mobile, og der terskelen for å oppsøke spesialhelsetenesta er størst.

Ullandhaug og Stokka vil kome i vesentleg konflikt med statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Dette gjeld særleg for Stokka. Desse to alternativa vil også

kome i konflikt med hovudgrepet i Regionalplan Jæren, både fordi lokalitetane ikkje er ein del av senterstrukturen i regionalplanen, og fordi dei ikkje ligg inn til hovudkolektivaksane i planen.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernshjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger